

FORSKINGSSTRATEGI 2016-2019

Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger



Forsking i Helse Vest skal ha høg kvalitet og nytteverdi, gi ny kunnskap og bidra til trygge og effektive helsetenester.



INNHALD

1. Visjon og mål	3-5
2. Bakgrunn for og forankring av strategien.....	6
3. Formålet med strategien	7
3.1 Avgrensing.....	6
4. Strategiens overordna forankring	9-11
5. Samarbeid	11-12
6. Forskingsmidlane – formål og kriterium....	12-14
7. Årleg gjennomgang av forskingsstrategien	14



1. Visjon og mål

Visjon

Forsking i Helse Vest skal ha høg kvalitet og nytteverdi, gi ny kunnskap og bidra til trygge og effektive helsetenester.

Med dette meiner samarbeidsorganet at:

Forskinga i Helse Vest skal bidra til gode helsetenester for innbyggjarane i Helse Vest-området. Det inkluderer at tenestene har høg kvalitet, er trygge, brukarane medverkar, praksis er kunnskapsbasert, tenestene er innovative og effektive, samt at kompetent helsepersonell er tilgjengeleg i godt organiserte verksemdar og under god leing.

Forskinga skal vere av høg internasjonal kvalitet og av sentral betydning for helsetenesta. Den skal samtidig ha ein eigenverdi som kulturberar og vere eit fundament for kunnskapsutviklinga og verdiskapinga i samfunnet.

Det skal vere god samhandling mellom utøvarane innan helse og samfunn slik som universitet og høgskular, instituttsektoren, kommunane og norsk næringsliv med målsetting om auka nasjonal økonomisk utvikling.

Mål 1

Forskninga i Helse Vest skal vere av høg kvalitet og til nytte for pasienten og tenesta

Tiltak

Forskningsmidlane skal fordelast ut frå vurderingskriteria vitskapeleg kvalitet og nytte for pasienten og tenesta.

Nyttevurderinga skal likestillast med kvalitetsvurderinga i vurderingar av søknadar om forskningsmidlar.

Styrke satsinga på formidling av forskingsresultat til brukarar, behandlarar, myndigheiter og befolkninga.

Dei som får tildelt midlar har ansvar for å formidle forskingsresultata og den nytte desse kan ha for tenesta.

Mål 2

Forskninga i regionen skal vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktig

Tiltak

Det skal setjast i verk fleire stimuleringstiltak for å auke tal og kvalitet på søknadar til EU og NFR slik at fleire kan nå opp i konkurransen og få tildelt midlar. Samarbeidsorganet vil:

- o Framleis ha fokus på insentivordningar og vidareutvikle desse
- o Arbeide for felles insentivordningar for helseføretak og universitet
- o Stimulere til forskingsrekruttering- og kompetanse for på den måten å understøtte karrierevegen som forskar
- o Stimulere til betre samarbeid mellom universitet og helseføretak i utarbeidinga av NFR-søknadar og EU-søknadar
- o Stimulere til betre rådgiving og forskingsstøtte for forskarar i heile regionen

Arbeide for betre utnytting av den fysiske infrastrukturen, inkludert informasjonstekniske løysningar i regionen gjennom auka samarbeid. I tillegg skal det arbeidast for betre utnytting av forskingspotensiale som ligg i helsedata og forskingsbiobankar.

Mål 3

Brukarmedverknad i forskning

Tiltak

Sette brukarmedverknad på agendaen gjennom å vere ein pådrivar for reell og realistisk medverknad i tråd med Retningslinjer for brukarmedverknad i forskning.

Støtte opp om og stimulere til auka kompetanse og kunnskapsutveksling mellom både brukarar og forskarar.

Legge til rette for informasjon til forskarar og vurderingskomitear i søknadsprosessar om korleis brukarmedverknad vil vere føremålstenleg.

Understøtte at forskarar ved behov rekrutterer riktig brukarkompetanse via Det regionale brukarutvalet og dei lokale brukarutvala.

Mål 4

Samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale forskingsaktørar

Tiltak

Regionalt samarbeid

Vidareutvikle samarbeid om forskingsinfrastruktur.

Ivareta og fremme forskningssamarbeid mellom alle føretaka, inkl. samarbeid mellom Helse Stavanger og Helse Bergen. Helse Stavanger og Helse Bergen har eit særskilt ansvar for å involvere dei andre føretaka gjennom nettverksbygging.

Ivareta og fremme samarbeidet mellom føretaka og universiteta.

Understøtte samhandlinga mellom forskingsaktørane i regionen; inklusiv samarbeid med kommunane og næringslivet.

Arbeide for ein god samarbeidskultur og forhindre samarbeidsbarrierer mellom sektorane

Nasjonalt samarbeid

Støtte etableringa av nasjonale nettverk der det er behov for slike, jf. føringar i oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet og i HelseOmsorg21 strategien/handlingsplanen.

Understøtte deltaking i nasjonale studiar.

Internasjonalt samarbeid

Understøtte og auke samarbeidet med leiande internasjonale fagmiljø.

2. Bakgrunn for og forankring av strategien

Helse- og omsorgsdepartementet gav i føretaksmøtet med Helse Vest 24.05.13 styret instruks om å samarbeide med universitet og høgskular. Formålet med instruksjonen er å sikre at samarbeidet tek hand om 1) saker innan helseforskning og innovasjon av gjensidig interesse 2) universiteta og høgskulane sine behov for undervisning, opplæring og rettleiing av studentar og 3) at utdanning og forskning er i tråd med behova til spesialisthelsetenesta. Helse Vest skal i samarbeid med universiteta og høgskulane i helseregionen opprette samarbeidsorgan som skal behandle saker om forskning, innovasjon og utdanning og styrkje forholdet mellom desse¹.

Det er samarbeidsavtalen² mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger om forskings- og utdanningsoppgåver som regulerer samarbeidet³. Samarbeidsavtalen fastset samarbeidsformer og partane sine gjensidige rettar og plikter for å sikre eit godt og resultatretta samarbeid, og eit av måla for samarbeidet er å utarbeide og følgje opp felles forskingsstrategi som skal gi retning på oppgåver som ligg innanfor institusjonane sine sam-handlingsområder, jf. Det regionale samarbeidsorganet sitt mandat.

Samarbeidsorganet er pr. 2015 samansett av representantar frå Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Helse Stavanger, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger og det er leie av fagdirektøren i Helse Vest. Samarbeidsorganet har observatørar frå Noregs forskingsråd, samarbeidsorganet mellom Helse Vest og høgskulane i regionen, dei private, ideelle institusjonane og Det regionale brukarutvalet.

Styret har delegert vedtaket om tildeling av det øyremerkte tilskotet til forskning til Det regionale samarbeidsorganet. Innstillinga krev støtte frå eit fleirtal blant medlemmane som er nemnde opp frå universiteta og blant medlemmane som er nemnde opp frå Helse Vest.

I 2015 utgjorde det øyremerkte tilskotet i statsbudsjettet i overkant av 140 mill. kr, i tillegg har Helse Vest sett av i overkant av 56 mill. kr. frå eiga ramme. Midlane reflekterer ikkje faktisk ressursbruk til forskning, men er eit økonomisk bidrag til forskingsaktiviteten og til bygginga av forskingskompetanse i helseføretaka⁴. I tillegg vert forskning i helseføretaka finansiert gjennom rammetilskotet til RHF-a og underliggande helseføretak, samt gjennom eksterne finansieringskjelder.


I tillegg til å gjere vedtak om fordelinga av midlar til forskning, arrangerer samarbeidsorganet ein årleg forskingskonferanse og delar ut forskingsprisar. I andre saker som gjeld forskning, har samarbeidsorganet ein rådgjevande funksjon for dei avgjerande organa i helseføretaksgruppa i Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger.

¹ Helse Vest har sett ned ei gruppe for å vurdere på kva måte samarbeidet mellom aktørane skal organiserast. Resultatet frå dette arbeidet vil kunne få betydning for innhaldet i strategien og det må evt. gjerast tilpassingar i høve til dette.

² Samarbeidsavtalen datert 19.10.2005 bygger på Lov om universitet og høgskular av 12. mai 1995nr. 22, Lov om helseforetak m.m. av 15. juni 2001 nr. 93, vedtekter for Helse Vest RHF fastsatt ved kgl.res. 31. august 2001 med seinare endringar og instruks gitt for styret i Helse Vest RHF i føretaksmøte 26. mars 2004

³ <https://helse-vest.no/Documents/Forskning/Strategi%20og%20oppdragsdokument/Samarbeidsavtalen-mellom-HelseVest-UIB-UIS.pdf>

⁴ Jf. Mellom anna St. prp. nr 1 (2003-2004) og brev frå HOD 25. mars 2008.



Formålet med strategien er å leggje til rette for forskning av høg kvalitet samt bringe inn ny kunnskap innan spesialisthelsetenesta sitt virkefelt.

3. Formålet med strategien

Eit av måla i samarbeidsavtalen mellom Helse Vest RHF og Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger er å utarbeide og følgje opp felles forskingsstrategi. Formålet med strategien er å leggje til rette for forskning av høg kvalitet samt bringe inn ny kunnskap innan spesialisthelsetenesta sitt virkefelt. Dette skal bidra til å gi helsetenester med høg kvalitet til nytte for og tilpassa pasienten og tenesta, i tråd med regjeringa sitt mål om skape pasienten si helseteneste.

God helse er viktig for den einskilde pasient/brukar, og også for ei berekraftig samfunnsutvikling og god tilgang på arbeidskraft. Det er først og fremst utviklinga innan medisin og medisinsk teknologi som er drivarar for helsetenestene sitt behov for å tilpasse og endre seg, samstundes som også etterspurnad etter tenester er drivarar i utviklinga. For utviklinga har det og betydning at befolkninga blir eldre og får andre sjukdomar enn tidlegare. Det bidreg m.a. til at det er behov for kunnskap om diagnostikk og behandling på fleire område. Samtidig er det behov for kunnskap som bidreg til at befolkninga får eit livsløp med god helse, t.d. kunnskap om behandling av psykisk sjuke born og unge.

Strategien skal gje retning til samarbeidsorganet på oppgåver som ligg innanfor institusjonane sine samhandlingsområde. Den skal fange opp endringar i overordna mål og prioriteringar. Strategien skal vere eit praktisk verktøy for handtering av forskingsmidlane i Helse Vest, og skal gje rammer for tildeling av konkurranseutsette og strategiske midlar, nedfelt i årleg reviderte retningslinjer.

3.1 Avgrensing

Strategien omhandlar samhandlingsområda mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger (jf. samarbeidsavtalen).

Forskinga har ein universell karakter, og forskingsprosjekta har eigenverdi gjennom det å skape og formidle ny kunnskap. Forskinga og bandet til universitets- og høgskulemiljøa er viktig for å oppretthalde og utvikle avdelingane sin vitalitet og fagkompetanse. Undervisning og utviklingsarbeid vil ofte ha eit meir lokalt siktemål som inneber kvalitetssikring av verksemda i kvar eining og oppbygging av lokal kompetanse. Dette tilseier at det kan vere behov for å skilje mellom forskning og kompetansebyggande verksemd. Strategien omfattar forskning og bygging av forskingskompetanse i form av forskarutdanning.

Ein innovasjonsstrategi for Helse Vest er under utarbeiding og vil vere på plass i løpet av 2016. På bakgrunn av dette er det ikkje utarbeidd tiltak for innovasjon i forskingsstrategien, utover at føretaka blir gjort merksame på prosjekt med innovasjonspotensiale slik at desse kan bli følgt opp i samarbeid med regionens Technology Transfer Offices (TTO).

4. Strategiens overordna forankring

Forskning er saman med pasientbehandling, opplæring av pasientar og deira næraste, og utdanning av helsepersonell dei primære ansvarsområda til helseføretaka, jf. spesialisthelsetenestelova § 3-8

Statsbudsjettet, oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet og det nasjonale strategidokumentet «HelseOmsorg21 – Et kunnskapssystem for betre folkehelse- Nasjonal forskings- og innovasjonsstrategi for helse og omsorg» har vore sentrale i arbeidet med utarbeidinga av forskingsstrategien.

Dei siste åra har auka omfang og implementering av klinisk pasientretta forskning, helsetenesteforskning, innovasjon, brukarmedverknad og nasjonalt og internasjonalt samarbeid stått sentralt i oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka. Dette skal gi betre kvalitet, pasienttryggleik, kostnadseffektivitet og meir heilskaplege pasientforløp. For å auke nytten av offentleg finansierte forskning er det frå 2015 stilt auka krav om brukarmedverknad og nytte av forskingsprosjekta for pasienten og tenesta.

For å kunne støtte oppom måla frå Helse- og omsorgsdepartementet om auka omfang, kvalitet og nytte av klinisk pasientretta forskning, må helseføretaka ha gode forskingsinfrastrukturar og støttefunksjonar for kliniske multisenterstudium, translasjonsforskning og biobankar. Det er eit sentralt mål å auke bruken av kvalitetsregister i forskning. Det vektleggjast og at informasjon om kliniske studiar må gjerast kjent for offentlegheita slik at pasientar kan få moglegheit til å delta i utprøvande behandling.

Frå 2015 har helsetenesta også fått eit oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet knytt til global helseforskning. Eit overordna mål for denne forskinga er å bringe fram ny kunnskap og innovasjon av høg kvalitet med potensiale for gjennomslagskraft, kunnskap som bidreg til varig forbetringar i den globale folkehelsa og utjamning av urimelege helseforskjellar. Det inneber at ein ikkje kan sjå globale helseutfordringar isolert frå annan nasjonal og internasjonal politikk for å fremme folkehelsa.




Per 2016 er det omlag 90 aktive doktorgradsprosjekt og 50 aktive postdoktorprosjekt med finansiering frå Helse Vest.

Måla nemnt over er og sentrale i HelseOmsorg21-strategien som vart utarbeidd i 2014. Det overordna målet med HelseOmsorg21-strategien har vore å skape ein målretta og heilskapleg nasjonal innsats for det 21. århundret i verdikjeda frå forskning til innovasjon og kommersialisering for å fremme ei kunnskapsbasert helse- og omsorgsteneste. Denne tverrsektorielle strategien er utarbeidd av aktørar frå næringsliv, pasientorganisasjonar, sjukehus, kommunar, universitets- og høgskulemiljø og omfattar heile helse- og omsorgstenesta. På styremøte i Helse Vest 08.12.14 blei det vedteke at HelseOmsorg21 skal vektleggast i det vidare arbeidet med forskings- og innovasjonsstrategi i Helse Vest (styresak 131/14). Strategien vert også følgt opp og konkretisert på nasjonalt nivå med regjeringa sin handlingsplan hausten 2015.

Målbilete for HelseOmsorg21-strategien er tredelt: god folkehelse, grensesprengende forskning, næringsutvikling og nasjonal økonomisk utvikling. I strategien blir 10 hovudområde vektlagt⁵.

MÅLBILETE OG HOVUDOMRÅDA



⁵ For meir informasjon om dei 10 hovudområda; sjå <http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Page&pagename=helseomsorg21%2FHovedsidemal&cid=1253985487298>

A close-up photograph of a young child with light brown hair, wearing a dark blue polo shirt, blowing a dandelion seed head. The child's face is in profile, looking towards the right. The background is a soft, out-of-focus green field. A blue circular graphic containing text is overlaid on the upper right portion of the image.

*Det er viktig
at alle institusjonane
i Helse Vest, med ulikt
omfang og ulik storleik,
bidreg til å sikre god
forskning i regionen til det
beste for pasientane
og tenesta.*

Hausten 2015 la regjeringa fram ein handlingsplan for oppfølginga av HelseOmsorg21. Handlingsplanen skal vise korleis regjeringa følgjer opp dei ti prioriterte satsingsområda i strategien på kort og lang sikt.

I Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019) blir det sett fokus på betydinga forskning og innovasjon har for helsetenestene i framtida. M.a.blir følgjande forhold vektlagt:

- Alle forskingsprosjekt i sjukehusa skal vurderast for kvalitet og nytte
- Klinisk behandlingforsking bidrar til å sikre kvalitet, pasienttryggleik, pasienttilfredsheit og rekruttering av dyktige fagfolk
- Tidlig fase kliniske studiar og utprøving av ny, kotbar medisinsk teknologi vil krevje sentralisering og ytterlegare oppbygging av infrastruktur og kompetanse ved universitets-sjukehusa. Samtidig vil det vere viktig å tilrettelegge for at alle sjukehus kan ta del i og integrere forskning i pasientbehandlinga
- Det er behov for fleire kliniske studiar

I tillegg til statsbudsjettet, dei regionale helseføretaka sine oppdragsdokument, HelseOmsorg21-strategien/handlingsplanen og Nasjonal helse og sykehusplan(2016-2019) har andre dokument vore nytta i arbeidet. Mellom anna HELSE2020 Strategi for helseregionen, Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2015-2024, Nasjonal strategi for forskings- og innovasjonssamarbeid med EU – Horisont 2020 og ERA og rapporten Brukarmedverknad i helseforskning i Norge – forslag til retningslinjer og tiltak.

Retningslinjene/tiltaka framsett i rapporten⁶ om brukarmedverknad i helseforskning i Noreg, som blei utarbeidd av ei nasjonal gruppe på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, blei handsama av styret i Helse Vest 19.03.15⁷.



*Totalt 20 kandidatar med
Helse Vest-stipend disputerte i 2015*


5. Samarbeid

Det er av stor betyding for forskingsaktiviteten i regionen at ein på best mogeleg måte nyttiggjer seg av potensialet som ligg i å vidareutvikle samarbeidet mellom institusjonane for at forskinga skal vere av høg kvalitet. Det er viktig at alle institusjonane i Helse Vest, med ulikt omfang og ulik storleik, bidreg til å sikre god forskning i regionen til det beste for pasientane og tenesta. Eit tett samarbeid styrkjar miljøa, m.a. vil det kunne bidra til tverrfagleg forskingssamarbeid og at ein i større grad vil kunne nå opp i konkurransen om eksterne forskingsmidlar.

⁶ <https://helse-nord.no/Documents/Forskning/Forskningsmidler/Forskningsmidler%202017/Styresak%2019-2015%20Brukarmedvirking%20i%20helseforskning%20i%20Norge,%20forslag%20til%20retningslinjer%20og%20tiltak,%20vedlegg%201.pdf>

⁷ Styresak 40/15 om brukarmedverknad i forskning: <https://helse-vest.no/seksjon/styresaker/Documents/2015/07.04.2015/Sak%2004015%20Retningslinjer%20for%20brukarmedverknad%20i%20helseforskning.pdf>

Det har vore fleire tiltak for å legge til rette for auka samarbeid mellom føretaka og mellom universitets- og høgskule sektoren og føretaka. Samarbeidsorganet har vore klare på at dei større føretaka har eit ansvar for å involvere dei mindre føretaka, og dei mindre føretaka har og eit ansvar for å ta initiativ til samarbeid.



Forskningsmidlane skal vere eit insentiv og økonomisk bidrag til å sikre forskning og oppbygging av forskingskompetanse i føretaka, og auke produktiviteten, nytten og kvaliteten på forskinga.

6. Forskningsmidlane – formål og kriterium

Styret i Helse Vest har delegert til samarbeidsorganet fordelinga av regionen sine forskningsmidlar (jf. kap. 2). Pr. 2015 består det øyremerkte tilskotet til forskning over statsbudsjettet av 30 % i basistilskot, dvs. likt tilskot til alle regionar, og 70 % blir gitt med utgangspunkt i forskingsproduksjon. For tildelinga som blir gitt ut frå forskingsproduksjon blir desse indikatorane lagt til grunn: 1) avlagte doktorgrader, 2) vitskapelege publikasjonar (Helse Vest sin totale forskingsproduksjon) og 3) ekstern finansiering (EU og Norges forskingsråd) som utgår frå aktivitet i helseføretaka og/eller er finansiert av helseføretaka.

Forskningsmidlane skal vere eit insentiv og økonomisk bidrag til å sikre forskning og oppbygging av forskingskompetanse i føretaka, og auke produktiviteten, nytten og kvaliteten på forskinga. For å kunne søkje om midlane må søkjaren vere tilsett ved eit helseføretak i regionen eller [ein privat ideell institusjon som har avtale med Helse Vest](#). Om tilsettingskrava ikkje er oppfylte, kan personar tilsett ved universitet og høgskular i regionen, samt private rus- og rehabiliteringsinstitusjonar med avtale med Helse Vest, likevel søkje dersom det føreligg [ei forankringsavtale med eit helseføretak eller ein privat, ideell institusjon](#).

Forskningsmidlar som blir tildelt gjennom den ope utlyste prosessen skal få fram gode søknadar innan helseforskning, og vert ikkje tildelt ut frå særskilte tema eller fagområde⁸. Samarbeidsorganet har vedteke at ein vesentleg del av midlane skal gå til forskarutdanning og bygging av forskingskompetanse gjennom utdeling av doktorgrads- og postdoktorstipend. Det er vektlagt at forskingskvaliteten skal styrkjast gjennom bygging av regionale forskingsnettverk og gjennom nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid.



I 2015 blei det publisert 865 unike fagfelleverderte vitenskaplege artiklar ved helseføretaka og dei private, ideelle institusjonane i regionen

Samarbeidsorganet har vedteke at ein del av forskningsmidlane (inntil 25 %) skal øyremerkast til strategiske satsingar (14.06.04, sak 23/2004). Kriterium for tildelinga av dei strategiske midlane vart stadfesta i november 2004 med to hovudprinsipp: 1) sette sterke miljø i stand til å konkurrere nasjonalt og internasjonalt og 2) styrkje forskingssvake miljø gjennom særskilte satsingar, forskingsprogram og nettverksbygging. Det er vedteke retningslinjer for etablering av nye strategiske satsingar:

- Forankring: Det regionale samarbeidsorganet forventar forankring i det føretaket som får hovudan svar for satsinga, og at føretaket ser det som sitt ansvar å vidareføre og vidareutvikle det etablert forskingsmiljøet i regionen sin føretaksstruktur ved utløp av finansiering.
- Regionalitet: Ikkje alle satsingar vil vere dekkjande for heile regionen, men satsingane skal alltid vere opne for deltaking frå andre aktuelle fagmiljø i regionen. Dersom satsinga ikkje lukkast med å få med relevante fagmiljø vert det forventa at satsinga orienterer det aktuelle helseføretaket ved fag/forskningsdirektør.
- Inkludering av andre føretak: Dei regionale satsingane har ansvar for å invitere alle aktuelle og relevante miljø frå dei andre føretaka med i satsinga sin aktivitet.
- Fordeling av strategiske midlar: Midlar skal fordelast etter den aktuelle aktiviteten som skissert i søknaden, dette må vere avtalt på førehand. Det er ikkje noko mål at midlane skal fordelast til føretaka etter størrelse.

⁸ Dei frie forskningsmidlane blir lyst ut i juni, og søknadsfrist er 15. september. Arbeidet i vurderingskomiteane skjer frå slutten av september fram til komitémøta som blir haldne i byrjinga av november. Det regionale samarbeidsorganet vedtar fordelinga av midlane i november.

I 2014 og 2015 blei det tildelt midlar til seks strategiske satsingar som vil halde fram i store delar av perioden 2016-2019.

Søknadar om frie og strategiske forskingsmidlar blir vurdert av komitear med medlemmer frå institusjonar utanfor helseregion vest. Under behandlinga av søknadene skal vanlege habilitetsregler følgjast, jf. forvaltningslova kapittel II Om ugildskap⁹.

Det er sterke politiske føringar om at forskingsprosjekt skal vurderas ut frå både forskingskvalitet og ut frå nytte for tenesta og pasienten, jf. statsbudsjettet og oppdragsdokumentet 2015. Dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å utarbeide felles retningslinjer for korleis prosjektsøknadar skal beskrive forventta nytte for pasienten og tenesta, og korleis ny kunnskap kan takast i bruk i tenesta. Departementet krev at nyttevurderinga blir likestilt med kvalitetsvurderinga av prosjektsøknadene frå 2016. I søknads- og tildelingsprosessen av Helse Vest sine forskingsmidlar i 2015/2016 er derfor prosjektsøknadane vurdert ut frå både vitenskapelig kvalitet og nytte. Sentralt i nyttevurderinga i 2015 var om prosjektet vil generere ny kunnskap som kan takast i bruk i klinisk verksemd, anten på kort eller noko lengre sikt og betyding (impact) for helsetenesta. Det vart også lagt til eit element om regionalt samarbeid. Retningslinjer for nyttevurdering av prosjektsøknadar vil truleg bli justert i løpet av strategiperioden.

For å auke nytten av offentleg finansiert klinisk forskning er det i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet i 2015 også stilt krav om grunngeving dersom brukarmedverknad er fråverande i planlegginga og gjennomføringa av klinisk forskning eller helsetenesteforskning. Involvering av brukarar i ein eller fleire deler av prosjektet vil kunne gi meirverdi for forskinga. I søknadar om forskingsmidlar for 2016 gjorde søkjarane greie for i kva grad brukarar var involvert i planlegging og gjennomføring av forskingsprosjektet, eventuelt kvifor dette ikkje var relevant. I første omgang har Helse Vest ønska å få ei oversikt over involvering av brukarar. Brukarmedverknad var difor ikkje ein del av vurderingskriterium for søknadsrunden i 2015 for tildeling i 2016. Røynslene frå 2015 vil bli vektlagt i vurderinga av på kva måte dette kriteriet skal handterast i framtida.


Samarbeidsorganet har vedteke søknadstilgang til Helse Vest sine forskingsmidlar. Denne er i tråd med føringar frå Helse- og omsorgsdepartementet som seier at forskingsmidlane skal tildelast og handterast av eit helseføretak eller ein privat, ideell institusjon. Ved søknadar om forskingsmidlar til Helse Vest må søkjarane på søknadstidspunktet vere tilsett ved eit helseføretak i regionen eller ein privat ideell institusjon som har avtale med Helse Vest. Om tilsettingskrava ikkje er oppfylte, kan personar tilsett ved universitet og høgskular i regionen, samt private rus- og rehabiliteringsinstitusjonar som har avtale med Helse Vest, likevel søkje dersom det føreligg ei forankringsavtale med eit helseføretak eller ein privat, ideell institusjon.

7. Årleg gjennomgang av forskingsstrategien

Samarbeidsorganet vil årleg gjennomgå forskingsstrategien for å vurdere kva mål og tiltak som bør prioriterast i det aktuelle året. I tillegg vil samarbeidsorganet vurdere om det skal gjerast endringar i strategien, m.a. dersom det kjem nye styringssignal som er relevant for forskinga og samarbeidet.

⁹ <https://helse-vest.no/vart-oppdrag/vare-hovudoppgaver/forskning/forskningsmidlar/retningslinjer-og-skjema/retningslinjer-for-soknads-vurdering>

HELSEKATEGORI OG PROSJEKTTYPE 2015 (N= 214,9 mill.)



76 % av Helse Vest sine forskningsmidlar (2015) går til forskning på menneske eller helseopplysningar



*Helse Vest
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger
Telefon: 51 96 38 00
www.helse-vest.no*

